

20.10.16

Kvam Herad,

5600 Norheimsund

Hardanger AKS AS -Søknad om styrking av eigenkapitalen og garanti for lån.

Viser til orienteringar om selskapet sin økonomi i ordinær generalforsamling 2016 og eigarmøte 13.10.16.

Etter monalege utfordringar økonomisk, er selskapet no på rett veg ved at det er kontroll på kostnadssida, samt at inntektene står i eit rimelegare høve til inntektene. Vi har god von om at selskapet går med overskot for 2016, og ligg pt. noko betre an enn budsjett. (jfr vedlegg 1)

Eigenkapitalen:

Den største utfordringa er at eigenkapitalen, etter fjorårets resultat, på det næraste er tapt, og at likviditeten i selskapet er dårleg. (jfr vedlegg 2). Med noverande drift meiner styret likevel at selskapet er liv laga og vil gje positive resultat i åra som kjem.

I 2014/15 vart det bestemt at selskapet sin aksjekapital skulle utvidast, med tanke på oppkjøp av anna kommunalt selskap. Kvam Herad (KH) skulle utvide med 91 aksjar a 5.000 kr (455.000 kr), Hordaland Fylkeskommune (HFK) med 73 aksjar a 5.000 kr (365.000 kr), Samnanger kommune med 18 aksjar a 5.0000 kr (90.000 kr). Dette kjøpet vart ikkje noko av, då selskapet vart slått konkurs før Hardanger AKS AS overtok. HFK og Samnanger betalte imidlertid inn sin del av aksjekapitalutvidinga.

I KH sin eigarstrategi står det at Hardanger AKS bør ha ein eigenkapital prosent på minst 20 %. Bankar krev ofte opp mot 25 %. Vi har tru på at selskapet med forsvarleg drift vil kunne nå dette målet over noko tid, men her og no må selskapet styrke eigenkapitalen sin. Om HFK og Samnanger sin innbetalte eigenkapital vert trekt ut att, vil selskapet komme i ein umogeleg situasjon.

Styret ser fleire forretningsområde der det er mogeleg å betre innteninga til selskapet, men dette krev større handlefridom rundt kapitalsida.

Styret er såleis fri og ber om at KH betaler inn sin planlagde del av kapitalutvidinga (kr 455.000), under føresetnad av at innbetalt kapital frå HFK og Samnanger vert ståande i selskapet. Eigarfordelinga vil då vere i tråd med KH sin eigarstrategi, jfr saksutgreiinga til Heradsstyresak 17.02.15, (KH 48,3 %, HFK 38,7%, Samnanger 9,6 % og Kvam lag av NFU 3,4%). Selskapet vil då, under føresetnad av positivt resultat for 2016, ha likviditet og eigenkapital til å sikre og utvikle selskapet vidare.

Lånegjeld, søknad om Garanti:

Ei anna utfordring for selskapet er dyre lån, noko som og er krevjande for likviditeten i selskapet. Selskapet har per i dag om lag 16,5 mill kr i gjeld. Av dette er ca 14,1 mill kr langsiktig gjeld, knytt til tomt og anlegg (12,45 mill) og driftsmiddel (1,7 mill kr).

Gjennomsnittleg rente for desse låna er over 4 % og kan på det næraste halverast med kommunal garanti, trass i at denne gjelda alt er godt dekkja med pant i eigedom og maskiner. Risikoen rundt ein slik kommunal garanti må slik seiast vere låg. Det er ettermåten vanleg at denne type selskap får kommunal garanti. Slik forretningsmodellane har utvikla seg for desse selskapa er det og ei konkurransemessig ulempe om ein ikkje har kommunal garanti. Vi er såleis fri å be om kommunal garanti for lån på kr 14.100.000 Det er vanleg at den kommunale garantien vert utforma slik at garantiansvaret vert redusert i takt med selskapet sine nedbetalingar på lån.

Risiko for selskapet med noverande drift:

- a) NAV, godkjenner via RU (rådgjevande utval) bruken av vta plasser, eventuelt omdisponeringar. Dette avhenger og av statsbudsjettet og påtrykk/innspel frå lokalt Nav kontor. Bedriften har i dag 22 godkjente vta plasser og fleire på venteliste.
- b) andre off arb plassar, kommunalt kjøp av arbeidsplassar frå Jondal, Samnanger og Kvam. Kommunane kjøper i dag 15 plasser. Dette er en nedgang fra tidlegare år. Behovet for fleire plasser er tilstede, men avhenger av økonomi og prioriteringar.
- c) konkurranseutsetting av attføring/tiltaks plasser, Nav som godkjenningsinstans. Dette vil ikkje gjelde VTA og AFT tiltaket som er våre to store grupper i dag.

Vedlegg:

1. Resultatrekneskap per sept mnd.
2. Balanse per 31.12.15

Med venleg helsing,
Hardanger AKS AS


Knut Terje Rekve
Styreformann


Steinar Langeres
Dagleg leiar